



Introduksjon til forhandlingar 24.-25.april 2024

Utdanningsforbundet Vestland

Arbeidstakargrupper i Hovudtariffavtalen

Kapittel 3:

- Omfattar toppleiarar, rektorar, styrarar, inspektørar, avdelingsleiarar og andre med ansvar for budsjett, økonomi og/eller personale
- **All lønnsdanning skjer i årlege lokale forhandlingar i kommunen**

Kapittel 5:

Andre tilsette – med høgare akademisk utdanning

- Ofte få frå Utdanningsforbundet – PP-rådgjevarar ?
- **All lønnsdanning skjer i årlege lokale forhandlingar i kommunen**

• Kapittel 4:

- Omfattar lærarar i skulen, barnehagelærarar, pedagogiske leiarar, PP-rådgjevarar, rådgjevarar i skulen, sosiallærarar ++
- **Lønnsdanning gjennom sentrale forhandlingar mellom KS og Unio og i lokale forhandlingar i kommunen**

Viktige dokument:

Hovudtariffavtalen:

- Vedlegg 3 HTA-Retningslinjer for lokale forhandlinger- god forhandlingsskikk
- Kapittel 3.2 Lokal lønspolitikk
- Kapittel 4 Sentrale lønns- og stillingsbestemmelser
- Kapittel 5 Lokal lønns-og stillingsbestemmelser
- Utdanningsforbundet sin politikk (Vi utdannar Noreg)
- Hovudavtalen
- Rettleiingshefte Utdanningsforbundet

Det er fleire vegar til høgare løn i kapittel 4 enn sentrale forhandlingar:

4.2.1 Lokale pottforhandlingar

- Dei sentrale partar kan avsette ein del av ramma til lokale forhandlingar – pottforhandlingar
- Potten er en prosentandel av lønsmassen i den enkelte kommune
- Alle organisasjonane forhandlar med kommunen om fordeling av potten

4.2.2 Særskilte forhandlingar

- Ved bl.a. omgjering av stillingar og endringar i ansvar og arbeidsområde
- Arbeidsgjevar må stille med eigne midlar

Det er flere vegar til høgare løn i kapittel 4 enn sentrale forhandlingar

4.2.3 Beholde og rekruttere arbeidstakere

- Arbeidsgjevar stiller med eigne midlar

4.2.4 Kompetanse

- Når arbeidstakar har gjennomført relevant videreutdanning
- Arbeidsgjevar stiller med eigne midlar

Før 4.2.1 forhandlingane: Gå gjennom og sjå om det er krav som kan stillast utanfor potten – og bør omfattast av dei andre forhandlingsbestemmingane.

4.2.1 Lokale pottforhandlingar



4.2.1 Lokale pottforhandlingar

- De sentrale partar kan avsette ein del av ramma til lokale forhandlingar – pottforhandlingar
- Potten er en prosentandel av lønnsmassen i den enkelte kommune
- Alle organisasjonane forhandlar med kommunen om fordeling av potten

Ein prosess...

Grunnlaget lagt mellom sentrale partar...

Kva er egentleg forhandlingar?

- Ein måte å bestemma på
- Det muliges kunst
- Kompromiss
- Finna fram til løysingar som begge partar kan stilla seg bak
- Gi og få

Nokre misforståingar:

- Motparten i forhandlingane er motstandar
- Forhandlingar handlar berre om å visa makt
- Forhandlingar handlar om å få rett
- Forhandlingar handlar om å vinna over den andre
- Forhandlingar handlar om å lura den andre
- Forhandlingar skaper urettferdighet
- Forhandlingene finn stad i løpet av ein dag eller to.

Forhandlingar handlar om:

- Å *vinna* den andre (*ikkje* vinne *over* den andre)
- Partane har *både* motstridande *og* felles interesser
- Dei andre fagforeiningene kan vera både konkurrentar og samarbeidspartar


Forhandlingar er ein viktig måte å fatta beslutningar på i arbeidslivet.

- Ulike nivå:
 - Sentrale og lokale forhandlingar
- Mange område:
 - Løn, godtgjersle, arbeidstid, ulemper, organisering, arbeidsmiljø, personalsaker
- Mange arenaer:
 - Drøftingsmøte, partsmøte, lønsforhandlingar, uformelle møte

Forhandlinger handler grovt sett om to ting:

1. Kan du og eg finna ei løysing som gjer at me begge to kjem betre ut av det enn om me ikkje kjem fram til ein avtale?
2. Korleis skal løysinga vera – korleis skal fordeler og ulemper fordelast? Kva må me gi kvarandre og kva får me tilbake?

Søk etter vinn-vinn



Mange forhandlingar strandar heilt unødvendig

- Partane er for steile
- Partane ser på den andre berre som motstandar
- Ein leitar ikkje etter felles løysingar – berre løysingar som gagnar seg sjølv
- Tar ting personleg i forhandlingene
- For lite og for dårleg argumentasjon og faktagrunnlag

Korleis skapa vinn-vinn situasjonar?

- Du er utstyrt med 2 øyre – bruk dei!
- Legg vekt på utforsking
- Ver tydeleg på eigne interesser og prioriteringar
- Ver smidig - skaff deg eit forhandlingsrom fra medlemmene
- Bidra til å skapa eit godt klima
- Søk løysingar – ikkje konfrontasjon
- Skil sak og person

Krav til ein god avtale

- Bør bidra til at alle partar er nøgde– og at alle opplever at dei har fått noko
- Bør vera enkel å etterleva og partane ynskjer å gjera det
- Bør bidra til å betra relasjonen mellom partane – ikkje det motsette

Lokale lønnsforhandlinger

Dei sentrale og lokale forhandlingane heng saman



Fyrst
forhandlingar
sentralt – så
lokalt

Lønnsforhandlingar lokalt handlar om:

1. Oppnå størst mogleg del av den lokale potten til våre medlemmer –pro rata
2. Påverka fordelinga av "våre pengar" på våre medlemmer
3. Utdanningsforbundet sin lønspolitikk som grunnlag !

Kva er spesielt med våre lokale lønnsforhandlingar?

- Storleik på potten er framforhandla gjennom dei sentrale forhandlingane
- Dei andre fagforeiningane er konkurrentar om den same potten – men arbeidsgjevar sit med nøkkelen til løysingane
- Spelereglane og prosessen er bestemt gjennom HTA
- Ein møter arbeidsgjevaren att hele tida – og kan både påverka og bygga relasjonar
- Forhandlingane i fjor var starten på forhandlingane i år....

Kva er våre største utfordringar i forhandlingar?

- Få minst vår andel av potten – Pro Rata
 - (Lærarane vert oppfatta som høgtløna i mange kommunar)
- Få lønstillegg knytta til objektive og føreseielege kriterier
 - (Unngå trynetillegg....)
- Ulike synspunkt på kva grupper som bør prioriterast
 - (Møta arbeidsgjevar med deira eigne argument?)

Me er ikkje åleina rundt forhandlingsbordet....

- Fagforbundet
- Utdanningsforbundet
- Norsk sykepleierforbund
- Delta
- NITO
- FO
- (Andre fagforeninger)
- *De andre fagforeningene er både samarbeidspartnarar og*

Kva skal til for at me kjem betre ut av lokale forhandlingar?

- Påverknad gjennom heile året
- Søka innflytelse framfor markering
- Søke løysingar framfor brot
- Bli betre til å argumentera og bruke fakta
- Stilla betre førebudd

Kva er det viktigaste for å lukkast i forhandlingar?

- Førebuingane– du må kjenna avtaleverk, spelereglar og fakta
- Du må leggja opp ein strategi for å vinna motparten
- Du må kunna bruke motparten sine egne argument
- Hald kontakten med dei andre fagforeiningene
- Ver smidig
- Forankra forhandlingene hos medlemmene!

Innspel så langt før pause?



Vi utdannar Noreg- landsmøtevedtak 2023

- Del 3 Verdigrunnlaget vårt:
- Vi baserer lønnspolitikken vår på sentrale og kollektive avtaler.
- Vi vil arbeide mot lokale pottforhandlingar og mot individuelle forhandlingar som er baserte på resultat og prestasjonar

4.3 Lønn, arbeidsvilkår og arbeidsmiljø

- Lønn er eit viktig verkemiddel for at fleire vil utdanne seg til lærarar i barnehage og skole og bli verande i yrket. Det er avgjerande at KS og arbeidsgivarane i utdanningssektoren anerkjenner at lønna til lærarar i skoleverket ikkje har følgd den lønnsutviklinga som andre i kommunal sektor har hatt.
- Arbeidsgivarane må også anerkjenne at lønnsnivået til barnehagelærarane er for lågt. Det er lærarane som har det faglege ansvaret for opplæring og undervisning av barn, unge og vaksne.

- God utdanning krev godt kvalifiserte lærarar, lærarutdannarar, leiarar og tilsette i fagleg og administrative støttesystem.
- Utdanningsforbundet meiner lønn og arbeidsvilkår må støtte opp under ansvaret medlemmene våre har
- Lønnsnivået for lærarar i barnehage og skole er for lågt samanlikna med andre yrkesgrupper med tilsvarande utdanningsnivå. I barnehagen må utteljing for vidareutdanning både formaliserast og styrkjast.

- Utdanningsforbundet meiner at sentral lønnsdanning skal vere berebjelken ved fastsetting av lønn for lærarprofesjonen.
- Lokal lønnsdanning svekkjer betydninga av sentrale oppgjer, og ein må alltid ta samanhangen mellom desse med i vurderinga i bruk av ulike verkemiddel.
- Prosentvise generelle tillegg og sentrale lønnsjusteringar for stillingsgrupper med høgare utdanning er hovudprioriteten vår. Vi må ha eit lønnssystem som byggjer på utdanning, kompetanse og ansvar.

- Utdanningsforbundet vil arbeide mot at det i sentrale oppgjør blir sett av midlar til lokale pott-forhandlingar.
- Vi er imot forhandlingar om individuelle lønnstillegg som er baserte på resultat og prestasjonar.
- Vi skal vareta medlemmene sine lønnsinteresser lokalt, og vi skal fremje og støtte lønnskrav når medlemmer har gjennomført etter- og vidareutdanning, når det er vanskeleg å rekruttere og halde på tilsette og når det er gjennomført endringar i arbeidseller ansvarsområdet for stillingar

- Utdanningsforbundet skal alltid prioritere at lønnstillegg er kollektive, og skal basere seg på objektive kriterium som blir oppfatta som rettferdige, føreseielege, legitime og mogelege å etterprøve.
- Kriteria for lønnstillegg skal bidra til å fremje fagleg og profesjonell utvikling

- Lønn er viktig for å sikre rekruttering til yrket, og lønnsheving skal som hovedregel gjerast gjennom kollektive avtalar og omfatte alle.
- Det må stillast strengare krav til kommunar som ikkje klarer å rekruttere kvalifisert arbeidskraft, om at også andre verkemiddel knytte til arbeidsvilkår blir tekne i bruk